



--

Arkiv saknr:	2014/2764
Løpenr.:	168/2015
Arkivkode:	138/3/1

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet		

Sakshandsamar: Kjell Negarden

## **138/3/1 Rauland - Søknad om dispensasjon - tiltak innanfor kommunedelplan Rauland LNF område - veg**

### **Vedlegg:**

- 1 Vedlegg 3-Søknad om dispensasjon
- 2 Brev AT-Skog
- 3 Vedlegg 2- Fylkeskommunen
- 4 Vedlegg 1-Riksantikvaren
- 5 Steingardskrokenvegen
- 6 Steingardskroken

### **Dokument i saka:**

### **Bakgrunn:**


Vinje kommune har fått inn søknad frå Nina Heilmann og Anders Lien på eigedom 138/3/1. Sjå vedlegg 1. Det vert søkt om løyve til å bygge veg til freda gardstun som er matrikkelført som fritidseigedom. Vegen er prosjektert av AT skog ved Jens Stub-Jakobsen. Sjå vedlegg 2. Det søkjast om dispensasjon frå kommunedelplanen for Rauland kap 3. Tiltaket har fått førhandsutale frå Fylkeskommunen og Riksantikvaren. Sjå vedlegg 3 og 4. Vegen er visualisert med fotomontasje, og er teikna inn på eit situasjonskart. Sjå vedlegg 5 og 6.

### **Vurdering:**

Veg til fritidseigedom er ikkje omtalt i kommunedelplanen kap 3, men tiltak i LNF – område skal ikkje koma i konflikt med viktige sektorinteresser knytt til landbruk, kulturminne eller friluftsliv. Tiltaket er direkte knytt til kulturminne, og skjøtsel av skog. Det er ikkje i konflikt med noko anna interesse. Det vil vere teneleg at eigedomen har veg, då det vil bli lettare å transportere materialar og arbeidskraft til restaureringsarbeid, reparasjonar og vedlikehald av automatisk freda og SEFRAK registra bygningar.

Det er gjort avtale med grunneigar av 137/1, Bjørn Oswald, som avstår areal til veg. Grunneigar vil og nytte veg til skjøtsel av skog. Djupedalsvegen veglag ved Terje Hansen er kontakta, og vegen vil vera ein del av veglaget når den er ferdig. Kommunen er og den myndighet i fyrste line som skal fremje forsvarleg vedlikehald og restaurering av verneverdige bygningar jf kulturminnelova. Det er ikkje klare ulemper, men store fordelar ved tiltaket.

Etter ei samla vurdering er det kome fram til at vilkåra for dispensasjon etter pbl § 19-2 er oppfylt. Det blir gjeve dispensasjon til opparbeiding av veg som omsøkt.



### *Rådmannens framlegg til vedtak:*

**Plan- og miljøutvalet gjev eigar av 138/3/1 dispensasjon i medhald av pbl § 19-2 for å bygge veg til tun, slik det er omsøkt i brev datera 20.11.2014.**

Rådmannen,  
Jan Myrekrok, rådmann /s/